

Referat frå møte i Samarbeidsutvalget (SU) Ombo oppvekstsenter

Måndag 26. september 2022, 09.00-10.30

Møte nr. 3/2022.

Møte fysisk og på Teams.

Innkallinga er send til:

Marius Trøim (repr. foreldre barnehage), Sunniva Nårstad (repr. foreldre 1.-2. klasse), Hege Berglund (repr. foreldre 4.-6. klasse), Line Flesjaa (leiar FAU), Rasmus Bø (repr. tilsette skule), Tove Bergjord Tysdal (repr. tilsette barnehage), Frid Rørheim (repr. andre tilsette), Eline Wolden Bersagel (repr. Stavanger Kommune), elevrådet (Anna Serina Nes og Kristher Moen Helgaland, v/ Rasmus Bø), Hanna Skartveit (rektor og referent).

Til stades: Alle.

Eline Wolden Bersagel og Line Flesjaa deltok via Teams.

Sak 1-22/23: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

Godkjent.

Sak 2-22/23: Godkjenning av referat frå SU-møte 23. mai 2022.

Godkjent.

Sak 3-22/23: Val av ny SU-leiar.

Line Flesjaa einstemmig vald som ny leiar. Hanna vil halde fram med å leie møta og skrive referat.

Sak 4-22/23: Saker frå elevrådet.

Anna Serina og Kristher blei valt sist veke. Dei har ikkje fått snakka så mykje om saker ennå.

Uteområdet

Elevane er opptatt av kva som skal skje med pengane til uteområde og kva tid arbeidet startar.

Dei har også snakka om malinga som skal gjennomførast inne og aktuelle fargar.

Hanna informerte om at vi framleis ikkje veit kva tid arbeidet startar. Og malingsarbeidet kan starte når vi har bestemt kor vi vil male og kva fargar. Vi kjem tilbake til dette.

Mjølkeordninga

Dei syns det er dumt at Tine som regel sender for mykje mjølk. Dette er pga. at dei pakkar fleire saman, så om ein bestiller 1 stk. får ein 10 stk. uansett. Dette fører ikkje til svin, for vi brukar dei. Men det burde ikkje vere nødvendig i forhold til matsvinn.

Frid jobbar med saken og skal kontakte «Skolelyst».

Sak 5-22/23: Informasjon frå rektor.

- Personalsituasjon dette skuleåret.
 - o Marie har studiepermisjon 40 % dette året, og er ikkje på jobb torsdagar og fredagar, pluss enkelte onsdagar når ho har samling. Ellers er alle no tilbake i ordinært arbeid.
- Trafikksikker plan.
 - o Hanna Informerte om planen som er laga. Ho vil sende den ut på e-post til SU.
 - o Skulen vil lage sykkeldag til våren, og vil i den samheng invitere Politiet igjen (dei kom ikkje sist pga. dårleg ver).
- Prosjekt kjøkkenhage.
 - o Skulen har søkt om støtte på 10 000,- til frukttre og bærbuskar i artriumet. Dette blei avgjort ved loddrekning og Ombo har ikkje fått. Men, dei seier at dette skal inkluderast i budsjettet for oppgradering av uteområdet. Det er viktig at vi følger dette opp slik at det ikkje blir gløymt.
- Liten korreksjon i skuleruta.
 - o Tysdag 11. april står oppført som siste dag av påskeferien. Dette er planleggingsdag.
- Solidaritetsaksjon 26. oktober.
 - o Vi vil i år ha loppemarked og flaskeinnsamling, ikkje basar. Vi kjem tilbake til dette.
- Haven 22. november.
 - o 22. november skal 4.-6. klasse reise til dataspelplassen Haven i Stavanger.

Sak 6-22/23: Saker frå FAU.

FAU, kor alle no er nye, har hatt møte. Dette er saker dei ønsker å ta vidare:

Reflekskampanje om hausten

Kan skulen organisere dette? Ja, skulen pleier å ha ei veke med særskilt fokus på dette. Kan det vere aktuelt at FAU bidrar med noko? For eksempel ein premie? Evt. be om en relevant «premie» frå eit firma til alle elevene. Line har sendt e-post til Trygg Trafikk allerede.

Trafikksikkerhet

Dei foreslår ein kampanje om korleis det er å ferdast på Ombo sine vegar, kor det er lite trafikksikring. Ungane bruker mykje sykkel. Dei må kjenne elementære reglar, også at det er lurt å bruke refleksvest på dagtid. Dei kjenner ofte på at dei vanlege trafikktiltaka ikkje passar heilt for dei som bur her fordi forholda er annleis.

Strekningen frå skulen til Eidssund: Line har sendt kommunen e-post om kor problematisk dette er. Dei seier at det er vanskeleg å få tomt til å utvide vegen. FAU har tipsa om at det bør vere fartsdumpar der, for fartsgrense er ikkje nok.

Frid informerte om at dei bør ta kontakt med Vegvesenet heller, og spør kva tid dei skal fikse brua. Dei eig vegen, det er ein fylkesveg. Oppgradering/sikring av vegstrekninga bør gjerast på same tid som dei fiksar brua.

Tove kan også ta det vidare til Kommunalt foreldreutval.

Auka innbetaling til elevkassa til FAU

FAU har sendt ut e-post til foreldregruppa. Dei har eit ønske om å auke summen betalt inn til elevkassa frå 100,- til 200,- kr per elev i året. Elevane får halvparten av desse pengane, til å kjøpe ei ny leike til friminutta (kr. 1000,-). Elevrådet må diskutere med dei andre kva leike dei ønsker.

Sak 7 -22/23: Ymse.

Ingen saker.

Sak 8-22/23: Neste møte.

Det er ønskeleg at møta byrjar kl. 08.30, ikkje kl. 09.00.

Tidspunkt for neste møte: 14. november, 08.30-10.00.